

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 41/2007

Møtedato: 20.6.07

Arkiv nr:

Jaktprøve

Norsk Irsksetterklubb søker om å få arrangere jaktprøve den 24 -26. september. Klubben har i tillegg til dei vanlege områda søkt om to område ved Bjørnhøvd.

Fjellstyret gjorde i sak 13/07 følgjande vedtak:

1. *Prøvedato: 24 -26.september 2007.*
2. *Areal: Grønsenn nord, Grønsenn sør, Flyin og Gomostølen. Prøve ved Bjørnhøvd blir ikkje godkjent.*
3. *Slepp: Kun 2 hundar lause på same tid. Det skal ikkje sleppast hundar i nærleiken av bufe.*
4. *Retur: Deltakarane skal følgje partiet under prøva. Dersom ein representant frå klubben følgjer dei tidlege utslegne deltakarane tilbake til parkeringsplassen, er det tillate at ei gruppe kan forlate partiet. Retur langs veg blir rekna på lik line med retur i terrenget.*
5. *Rapport: Klubben pliktar straks å rapportere til dyreeigar/dyrevernsnemnda og fjelloppsyn/politi alle tilfelle der det kan vera mistanke om at beitedyr er jaga. Klubben pliktar å sende inn vedlagt rapportskjema til fjellstyret fyrst måndag etter prøva.*
6. *Varsling: Klubben pliktar å varsle dyrevernsnemnda om når og kvar det blir arrangert jaktprøve.*
7. *Pris: Kr 80 pr startande hund - betalast inn til bankgiro 2153 07 04561 innan 1 månad frå prøvedato.*

NISK skriv i ny søknad følgjande:

Norsk Irsksetterklubb, avdeling Hedmark og Oppland har ønske om å få leie et eller eventuelt to terreng i tillegg til de 4 vi allerede har fått leie. Dette på grunn av at vi har fått ansvaret for å arrangere norsk irsksetter klubb sitt 90 års jubileum også helga 24-26 august 2007. Vi søker også om og få bruke Flya terrenget til trening 22 til 23 august for et begrenset antall deltagere.

Fuglehundprøvens hovedkvarter er planlagt til Nøsen Fjellstue.

Fjellstyret har i sak 38/99 gjort følgjande vedtak om nye prøveområde:

Etter positiv uttale frå berørte partar finn fjellstyret å halde fram med jaktprøver etter foreslege regelverk innan dei felt ein har i dag. Dersom det blir aktuelt å bruke andre områder vil kontaktpersonen til sau- og geitalslaget bli kontakta for nærare planlegging.

Fjellstyret mottok søknaden i kort tid før møtet og ein har ikkje fått oversendt saka til sau- og geitalslaget til uttale, jf. sak 38/99.

Vedtak:

Søknaden vil bli oversendt sau- og geitalslaget til uttale. Fjellstyret ber laget vurdere område som kan vera skikka ut frå omsynet til beitedyr. Fjellstyret godkjenner søknaden på vilkår sett i sak 13/07 dersom sau- og geitalslaget finn skikka område til gjennomføring av jaktprøva.

Fjellstyret godkjenner at terrenget ved Flyin kan brukast til trening dei to dagane før prøva på same vilkår som for jaktprøva.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.3.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre sau- og geitalslag v/Bente Marie Myhre, 2967 Lomen
NISK v/Vigdis Bårseng, Vingarveien 32, 2608 Lillehammer
Dyrevernsnemnda i Øvre Valdres v/Leif Homme, 2967 Lomen